



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8750 - 23/10168

Saksbehandlar:  
Madeleine Fonnes Aase  
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:  
06.02.2023

## Tilbakemelding på melding om riving av hytte - gbnr 84/9 Kvalvågneset

**Tiltak:** melding om bygning  
**Byggjestad:** Gbnr: 84/9  
**Tiltakshavar:** Håkon Petter Kaurel

Det vert vist til melding av 05.12.2022 om riving av hytte.

I meldinga er det gjort greie for korleis hytta er riven, og korleis ein har handtert avfall etter rivinga.

### Vurdering av saka

Kommunen har vurdert at tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på at riving av bygg er eit søknadpliktig tiltak. Tiltaket er difor rekna som ulovleg. Kommunen har plikt til å følgje opp ulovlege tilhøve, men kan med mindre ulovlege tilhøve avstå frå å forfølgje, jf. Pbl. § 32-1 2. ledd.

Kommunen har i vurderinga sett på storleiken på hytta, og skildringa av arbeidet som er gjort. Det er i tillegg lagt vekt på korleis avfallet har vorte handtert. Hytta har ein storleik på ca. 30 kvm og har ikkje hatt innlagt vatn eller avlaup. Tiltakshavar har sjølv meldt inn saka for å gje beskjed om at bygget er fjerna.

På bakgrunn av ovannemnde virker tiltaket å vere eit mindre alvorleg tilhøve etter ei samla konkret vurdering.

### Kva skjer vidare

Vi vurderer tilhøva på staden slik det går fram per dags dato som mindre alvorleg og vil difor avstå frå å forfølgje, jf. Pbl. § 32-1 2. ledd.

Oppfølging av det ulovlege tilfellet er avslutta frå kommunen si side.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*